

Preses Olav Fykse Tveit

Preike Olsokdagen, 29. juli 2020

Nidarosdomen

Tekst: Joh 12, 24-26

Vi møttest også dette spesielle året på seinsommaren for å feire olsok her i Nidaros. Det er ei ei tid på året då vi kan sjå rundt oss korleis jorda ber si grøde - korn som veks og vert mat til oss. Det er tid for å beundre dei fantastiske kornåkrane, som vi kan sjå mykje av her i Trøndelag.

Olsok handlar om kva som er sådd, kva som har vakse, og kva som skal vakse. Vi knytter det til Jesus ord om såkornets lov: Det eine kornet vert til dei mange korn og den store grøda, dersom det vert sådd i jorda. Overført på oss sjølve handlar det om at det den eine gjer, kan utgjere ein forskjell – for dei mange.

-

Vi har dei siste månadane fått eit nytt forhold til tall. No er det som før var statistikk for helseekspertar vorte tall som fortel oss alle kvar dag om ei stor krise i verda. Tallenes tale er klar. Dei er ikkje berre fakta om kva som har skjedd så langt, men dei gir oss også klar tale om kva vi skal gjere – og kva vi ikkje skal gjere. På ein ny måte har vi lært korleis det den enkelte av oss gjer - eller ikkje gjer - kan ha enorme verknader for dei mange. Vi kan spreie smitte – og vi kan stoppe smitte ved å følge klare smittevernreglar. I alle kan vi som er privilegerte og bur i Noreg og som har både hus, økonomi og infrastruktur som kan handtere ei slik krise, gjere det. Det er mange som har det mykje verre i møte med pandemien, mellom anna dei

som er avhengige av det dei tener kvar dag, og det dei kan kjøpe av mat kvar dag, og som bur svært tett saman.

Krisa utfordrar våre verdiar som enkeltmenneske og som samfunn, nasjonalt og internasjonalt, med viktige verdispørsmål om til dels store og dramatiske politiske og økonomiske prioriteringar. Kva slags fellesskap vil vi ha og kva tener dette fellesskapet? Eg kom tilbake til Noreg under denne krisa, og er både takksam og til dels imponert over korleis det norske samfunnet har tatt dette alvorleg og gjort ein dugnad saman, med store omkostningar for mange. Det er gjort for å verne dei mest sårbare, og difor også heile samfunnet. Vi ser kva slags samfunnskriser som kjem i kjølvatnet av pandemien i mange land. Og dei mest sårbare vert mest ramma, som vanleg. Vi har ansvar som del av ei menneskeslekt som strekkjer seg ut over Norges grenser, og vi veit at verda må løyse kriser som dette saman.

-

Dette er dagens utfordringar. Olsok har eit historisk perspektiv, og det handlar også om samanhengen mellom det den eine gjer og dei mange. Det var ein viktig samheng mellom Olav Haraldsson og dei mange som hadde sådd det gode budskap her, før han kom og innførte kristenretten og tok nye tak for at det skulle byggjast opp ei kristen kyrkje her til lands. Det vart ein for oss avgjerande samheng mellom Olav den Heilages død og dei mange som følgte etter hans død i åra og hundreåra etterpå.

Det er mange som har delt kristen tru og oppfordra til eit kristent liv i generasjon etter generasjon, i ord, handlingar, bygningar, skikkar og tradisjonar, i kunst og musikk, i sorg og i glede, i kriser og i gode år, på gode måtar - og på måtar som har gjort livet vanskeleg for nokon. Til denne dag. Difor er vi her. Det er noko vi skal feire, og det er noko vi nøkternt skal vurdere kritisk.

Å feire olsok handlar ikkje berre om historia før oss. Det handlar om oss som er del av denne historia. Det er et veldig tydeleg for oss som

er i Nidarosdomen med alt dette bygget representerer av liv, tru og lengsel i dei mange generasjonar før oss.

No er det vi som lever i dag som må svare på kva som skal prege det fellesskapet vi lever i kvar dag. Kva skal våre bidrag vere?

Det er slike spørsmål som også ligg innbakt i den såkalte kveitekornets lov: Det eine kornet er eit bilete på den som gir seg og sitt liv i tenesta for andre – og blir til liv for dei mange. Livet er ikkje eit null-sum spel, der det aldri kan kome noko meir ut av det enn ein balanse mellom å tape og vinne, å gi eller ta.

Tvert i mot. I kjærleik kan noko meir bli til. Noko som kan synast ubetydeleg og lite, ja endå til forakta, kan bli mykje, ja, det kan bli til den store glede og velsigning for dei mange.

I Jesu ord og handling, i hans liv, død og oppstode, møter vi den uendelege guddomlege kjærleiken. Av den kan det bli ei uendeleg rekkje og ei uendeleg mengde av den gode grøda. Dette kan skje i ei verd der vi veit mykje om kva som bryt ned fellesskap og liv.

-

Tema for Olavsfesten dette året er «ÆRE». Soli Deo Gloria. Gud åleine skal ha ære. Slik skreiv komponisten Bach på all musikk han skapte. I kvar gudsteneste løfter vi våre røyster og prisar livets og kjærleikens opphav. I vår tilbeding av Gud vender vi oss til den eine Gud, vår skapar, som har vist sin kjærleik til oss i Jesus Kristus, og Den Heilage Ande som har gitt oss trua på at alle er elska av Gud. I møte med Jesus ser vi at særleg dei som ikkje har mykje makt, pengar og ære i denne verda er elska og æra av Gud. Å ære Gud fører oss alltid ut til livet, til menneske som Gud har skapt og elsker, og som vi skal vise deira verdighet.

Kristus er det første kornet som vert lagt i jorda og som definerer kva som følgjer, når han ikkje gir etter for urett og synd, men følgjer sitt kall og vert ein som ber verdas synd. I Jesu oppstode ser vi at korkje

synda eller dødens makt er endeleg. Difor ærar vi Gud – i undring og glede over alt Gud har skapt, og ikkje minst i undring og takk over kjærleiken som er sterkare enn døden.

-

Når vi til slutt i gudstenesta i dag syng og ber om at Gud skal signe vårt dyre fedreland, er det med ønskje om at det skal gro og vekse her, på konkret og på åndeleg vis. Vi ber om at alle skal kunne leve og bu saman i fellesskap som nettopp er prega av tru, håp og kjærleik, «som kristne det kan seg søma». Det betyr ikkje at alle er skal vere kristne for å bu her. Men det vert eit kall til at alle som følgjer Kristus, og til alle kyrkjer i Noreg: Å bidra til å skape eit stort fellesskap i dette landet der alle vert respekterte og æra for den dei er, skapte i Guds bilete.

Det gir inga meining å be Gud signe vårt land dersom vi ikkje ber at Gud skal signe alle i vårt mangfaldige land, uansett kva tru, etnisitet, hudfarge, kjønn eller legning ein har. Det gir inga meining i å be Gud signe oss og ikkje håpe og be om det same for alle andre folk og land - som treng det så sårt i desse tider.

Det kristne håpet veks ut av krafta i det vesle frøet av kjærleik. Det er eit frø som av og til er skjult for oss, men som er sådd, og som kan gi liv og velsigne dei mange, ja alle.

Og difor kan vi seie:

Ære vere Faderen, og Sonen, og Den Heilage Ande, som var er og vere skal, ein sann Gud frå æve og til æve.

Amen